

Eg er fødd i 1949, har vakse opp på eit lite bureisingsbruk, Orrehaugen på Håheim i Jølster og har teikna og måla så lenge eg kan hugse. Kunstutdanninga mi er eit år på rosemårlina ved Sand yrkesskule i Ryfylke med hovudvekt på telemarkstil, tre år ved Heimeyrkesskulen i Jølster, saum, forming og vev og til slutt toårig faglærarutdanning i teikning, form og farge ved Statens lærerskole i forming, Oslo. Eg har også drive småbruket Orrehaugen saman med mannen min. Vi har fem vaksne born.

Utdanninga elles er frå "skulen i livet". Lyset og skuggane har alltid inspirert meg. Mange av arbeida mine handlar om å strekkje seg mot lyset, ta vare på lyset, og leve i lyset. Etter nokre år med mykje øving, prøving, feiling og atter nye og sjølvoppfunne øvingsmåtar, forsto eg at dersom eg ynskte å skape lys i arbeida mine, måtte eg også forstå både skuggen og skuggane, ikkje berre dei eg såg rundt meg, men også dei eg skjøna eg bar innvendes. Slik har eg kome fram til den målemåten eg har nytta mest dei siste åra, fleirlagsmåleriet med det eg sjølv kallar "vertikal fargeblanding". Eg brukar primærfargane, gult, raudt, blått og kvitt og skaper illusjon av lys ved hjelp av desse. Dei tjukke målingslaga legg eg på lerretet med sleikepott. Etter tørking, brukar eg ein breid kost og og målar over dei tjukke målingspartia med tunne, gjennomskinlege fargelag. Etterpå blir det nye tjukke fargeparti, nye tunne att, -- og slik held eg på, lenge, heilt til eg meiner biletet seier det eg vil det skal seie. Fargelaga påverkar kvarandre lagvis oppover, med gjennomskin av det som har vore, slik som i livet elles.

Mesteparten av motiva i måleria i denne utstillinga er uløyseleg knytte til naturen i Jølster. Nokre av dei framstiller lett attkjennande deler av bygda, andre er abstraherte og kulørforsterka detaljar av fjellsider som fortel om det mjukaste og hardaste vi har, dei lette lyssveipa som kjærteiknar lyssølvet i harde og blanke berg. Utstillinga har også døme på framstilling av dei nære og stille stundene i livet, fortalt gjennom ei potteplante saman med den tømde saftflaska hennar mor, frukt, og endeleg lyset som stilt og varleg fargelegg alle skuggar.

Til slutt eit lite sjølvskrive dikt:

ISFRITT

Gråtonar spelar

lyd av tid mot strendene.

Vatnet vert himmel.

*Eine Wiermann Østheim Lyngdal*

